



Skjåk  
kommune



Nasjonalparkriket

Skjåk kommune er med sine 2300 innbyggjarar ein attraktiv kommune med gode tenestetilbod til innbyggjarane og næringslivet. I Skjåk finn du gode og varierte fritidstilbod til store og små. Gode skular og barnehagar, idrettsanlegg med symjebasseng, hall og friidrettsanlegg, kulturskule, bibliotek, skianlegg og mykje meir. Breheimen og Reinheimen nasjonalpark gjev moglegheiter for varierte naturopplevingar. Industri, landbruk og handverksbedrifter tilbyr moderne og tradisjonsrike produkt. Dette har gjort Skjåk til ei merkevarer for kultur, miljø og tradisjon. Kommunesenteret Bismo er eit moderne senter med eit variert næringsliv innan industri, handel, reiseliv og tenesteyting. Skjåk kan tilby ein kofri kvardag full av opplevingar. Skjåk samarbeider tett med kommunane både aust- og vestover.

## Rådmann

Vi ynskjer ein tydeleg, strategisk og løysningsorientert leiar med gode kommunikasjonsevner og evne til gjennomføring. Den nye rådmannen bør ha visjonar for framtida og evne til å skape oppslutning og deltaking i endrings- og utviklingsprosessar der tenestekvalitet og befolkningsvekst står sentralt.

For den som ynskjer å vere ein sentral aktør i utviklinga av eit lokalsamfunn, kan Skjåk kommune tilby spennande og krevjande oppgåver i utviklinga av kommunen sin organisasjon og tenestetilbodet til innbyggjarane og næringslivet.

### Oppdraget til vår nye rådmann vil bl.a. omfatte:

- Auka produktivitet i tenesteproduksjonen som gjev eit handlingsrom til nye satsingar og utviklingsarbeid.
- Vidareutvikle rådmannen si strategiske leiargruppe med effektive strukturar og tydelege roller for leiarar i linje og stab og fokus på heilskapleg styring og deltakande leiging.
- Ein framtdsretta arbeidsgjevarstrategi som gjev langsiktig rekruttering og kompetansebygging, godt omdømme og auka attraktivitet for tilsette, arbeidssøkarar, innbyggjarar og næringsliv.
- Realisering av vedteken kommuneplan med vekt på tydelege strategiar, definerte delprosjekt og gode prosessar.
- Kommune- og regionsamarbeid med bygging av robuste fagmiljø og kompetansedeling.
- Styrke kommunikasjon og samarbeid med lokalt næringsliv for å skape nye, kompetansebaserte næringar og arbeidsplassar.

Kjenner du deg freista av dette? Med din bakgrunn, erfaring og dei resultatane du kan vise til, veit du kva som blir kravd. Ta gjerne kontakt med kommunen sin rådgjevar, Ivar Aslaksrud frå UtviklingsPartner AS, tlf. 930 30 194 eller ordførar Rolv Kristen Øygaard, tlf. 901 31 005.

**Søknadsfrist: 16. desember 2013. For fullstendig utlysing sjå [www.skjakkommune.no](http://www.skjakkommune.no) eller [www.upk.no](http://www.upk.no)**



UTVIKLINGS-  
PARTNER

[www.upk.no](http://www.upk.no)

- Kunde- og samfunnsnytte
- Resultatforbedring
- Omstilling